

Jostein Legland, dei einaste yrkesfiskar som Uskedalen har att, er ofte langt av lei etter brislingen. Men han treng ikkje no å undra seg på kor familien hans er - for den er samla på Uskedalen skule! Der er sambuar Trude Vikene (38), dotter Maria (17), dotter Hilde (12) og son Johannes (7).

Trude er i to vekers praksis som lærarstudent, Maria er lærling som barne- og ungdomsarbeidar, Hilde går i 7. klasse og Johannes i 2. klasse.

Yngstemann synes det er fint å ha begge søsken og mamma saman med seg på skulen.

- No manglar det berre pappa, men han kjem ikkje for han er fiskar, seier sjuåringen.



Lærarstudentane Cindy og Gunnar er her saman med skulefamilien - det er Trude, Maria, Hilde og Johannes

Også resten av familien har det bra på skulen, kanskje med eit lite unnatak for Hilde som ikkje tykkjer det er berre gøy å vera saman med familien også på skulen.

Maria trivst derimot godt og er full av ros om lærarar og andre tilsette.



Pappa Jostein er fiskar og kjem ikkje på

Trude, som har vore uskedeling sidan 1993, har jobba som lærarvikar, i pleie og omsorg og vore heimeverande før ho denne hausten starta på ein 5 år lang og desentralisert lærarutdanning ved Norsk lærarakademi i Bergen.

[skulen att...](#)

Ho seier det er stas at heile familien er samla på denne måten og kan gå heim til middag saman. Etter utdanninga tek ho sikte på jobb på Undarheim eller i Uskedalen. No er ho assistent ved Undarheim og likar seg svært godt der.

På skulen her i bygda er Trude også med i ei anna gruppe akkurat no. Også to andre studentar har praksis der for tida - det er Gunnar Toskedal frå Løfallstrand og Cindy Oma frå Omastrand.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen